

# Protokoll for oppmålingsforretning etter lov om eiendomsregistrering (Matrikkellova)

Journalnr  
20151045

Oppdragsnr  
2015054

Matrikkeletat				
Kommune	K.nr	Adresse	Postnr	Poststad
Meland kommune	1256	PB. 79	5906	Frekhaug

Matrikkeleining					
Gateadresse	Gnr	Bnr	Fnr	Snr	Registrert eigar/festar
Moldekleiv 86 med flere	27	3	0	0	SUNDHORDVIK HARALD (Hjemmelshaver)
	27	8	0	0	SUNDHORDVIK HARALD (Hjemmelshaver)

## Om oppmålingsforretninga

Forretninga avvikla:	Dato	Kl	Stad
	02.12.2015	09.30	På parsellen

Forretninga gjeld oppretting av matrikkeleining  
 Grunneigedom     Fest grunn     Anleggseigedom     Uteareal eigarseksjon

Forretninga gjeld registrering av eksisterande grunn  
 Grensejustering     Klarlegging av eksisterande grense     Nymerking av eksisterande grense     Registrering av ureg. jordsameige     Matrikulering av umatrikulert grunn  
 Arealoverføring     Anna

Forklaring  
 Frådeling av parsell med påståande bustadhus frå gnr 27 bnr 3.

Saks-behandling	Løyvedato	Dato for fullstendig rekvisisjon	Pårekna dato for fullført matrikulering
	10.11.2015		
Rekvirent SUNDHORDVIK HARALD			Rekvisisjonsdato

## Habilitet

Landmålar sitt namn  
Per Atle Sæle

Landmålar orienterte partane om det låg føre forhold av personleg eller økonomisk art som kunne tilseia inhabilitet  
 Hadde nokon av partane merknader/innvending til gjennomføringa av forretninga?     Nei     Ja (jfr. vedlegg)

## Varsling og oppmøte

Varselet om oppmålingsforretning inneheld ei liste over dei personane som var varsla, deira partsstilling, varslingsdato og varslingsmåte. Under forretninga vart det oppmoda om å stadfesta sitt frammøte ved underskrift på lista og framsyning av legitimasjon. (Jfr. vedlegg).

Ev. merknader til varslinga

## Saksdokument - bakgrunn for forretninga

	Forklaring	Journalpost nr	Vedlegg nr	Urelevant
Søknad etter pbl				X
Vedtak (tillatelse) etter pbl				X
Rekvisisjon av oppmålingsforretning				X
Varsel om oppmålingsforretning				X
Situasjonskart og situasjonsplan				X
Konsesjonsdokument				X
Servitutt				X
Uttalelse/tillatelse fra andre myndigheter				X
Avtaler				X

Omtale av grenser, grensemerke, inngåtte avtaler, skiltsdom, påstandar frå partane m.m.

Pkt.nr	Type merke	Status	Punkt godkj. av partane	Partspåstandar (journalpost/ vedl.nr.)	Skiltsdom/forlik (journalpost/
261-1	Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Jordfast stein	Nytt grensemerke			
261-2	Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Steingjerde	Nytt grensemerke			
261-3	Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Fjell	Nytt grensemerke			
261-4	Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Jord	Nytt grensemerke			
261-5	Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Fjell	Nytt grensemerke			
261-6	Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Jordfast stein	Nytt grensemerke			

## Oppsummering og fråsegn frå landmålaren

Landmålaren vurderer og gjev ev. kommentarar til: • løyve • rekvisisjonen • varsel om oppmålingsforretninga • førebuing av oppmålingsforretninga • oppmålingsforretninga • måle- og berekningsarbeid • fakturering • etablering/sletting av rettar • matrikulering • utsending av matrikkelbrev • klagerett og fristar

Meland kommune har 10.11.2015 godkjent frådelling av parsell med påståande bustadhus frå gnr 27 bnr 3, administrativt vedtak sak nr 398/2015.

Oppmålingsforretning vart halde 02.12.2015. Det var ingen frammøtte til forretninga. Eigar av 27/3,8 var 24.11.2015 på synfaring saman med Per Atle Sæle frå Meland kommune pga at han var forhindra frå å møta 02.12.2015. I tillegg til eigar av 27/3,8 var også eigar av 27/1 og eigar av 27/252 (kommuneveg) varsla. Sundhordvik påviste restar av gamal steingard ved postkassestativ som han meinte var grensa mellom 27/1 og 27/3. Han hadde han også sett opp gjerdestolpar i denne grenselina. Sundhordvik meinte at grenselina mellom 27/1 og 27/3 går herifrå i rett line i sørvestleg retning omlag 37,5m til knekk i steingarden, og vidare omlag 4,6m i nordvestleg retning.

Meland kommune har sett ned tre nye grensemerker i grenselina mellom 27/1 og 27/3, grensepunkt 261-1, 261-2 og 263-3. Det første grensepunktet utgjer også grensa mot kommunevegen, 27/252.

Den nye parsellen har felles grense med 27/1 på denne strekninga. Grensa for den nye parsellen går vidare i nordvestleg retning frå grensepunkt 261-3 29,88m til nytt grensemerke i jord, grensepunkt 261-4 like nordvest for uthus. Herifrå i nordaustleg retning 22m til nytt grensemerke i fjell, grensepunkt 261-5 på sørsida av vegen. Herifrå i søraustleg retning 7,70 m til nytt grensemerke i stein, grensepunkt 261-6 omlag 0,5m nordaust for hushjørne. Herifrå litt meir i sørleg retning 30,01 m tilbake til utgangspunktet, grensepunkt 261-1.

Arealet på den nye parsellen er utrekna til 1045,7 m<sup>2</sup>. Grensemålingane er utført med Topcon Hiper GNSS og Leica totalstasjon 1205+

Målingane tilfredsstillir krava til nøyaktighet som er sett i eigedomsstandarden.

I delingsvedtaket er det sett vilkår om at den nye parsellen skal ha tinglyst rett til tilkomst og rett til å ha liggjande vass- og avlaupsleidningar på avgjevareigedomen. I matrikkelen står både bnr 3 og bnr 8 på arealet som skal frådelast, men Harald Sundhordvik ønskjer å slå saman desse to bruksnummera til bnr 3.

Meland kommune har matrikkelført frådellinga frå bnr 3. Den nye parsellen har fått gnr 27 bnr 261. Når kommunen får tilbake melding frå tinglysinga om at parsellen er oppretta i grunnboka, skriv vi ut nytt matrikkelbrev som vert sendt eigar. Forenkla matrikkelbrev vert sendt naboar.

I samsvar med matrikkellova §46 og reglane i forvaltningslova kap IV- VI kan det klagast på utføringa av forretninga og på matrikkelføringa. Klagefristen er tre veker.

Sted

Frekhaug

Dato

03.12.2015

Underskrift



# Kartvedlegg til protokoll for oppmålingsforretning

Meland kommune



Eigedom  
27/3, 27/8

Saks nr  
20151045


Oppdragnr  
2015054

Rekvirent  
SUNDHORDVIK HARALD

Forretningsdato  
2/12/2015

Landmålar  
Per Atle Sæle

Målestokk 1:500



Beskriving/avtalar:

